# Innst. O. nr. 87

## (2002-2003)

## Innstilling til Odelstinget frå samferdselskomiteen

Ot.prp. nr. 41 (2002-2003)

**Innstilling frå samferdselskomiteen om lov om endringer i lov 29. november 1996 nr. 73 om formidling av landsdekkende postsendinger (postloven)**

Til Odelstinget

### SAMANDRAG

Samferdselsdepartementet fremmer i proposisjonen forslag om å endre lov 29. november 1996 nr. 73 om formidling av landsdekkende postsendinger (postloven) § 6. Denne bestemmelsen angir, sammen med tilhørende postforskrift § 3, omfanget av enerettsområdet til Posten Norge AS (Posten).

Departementet foreslår en gradvis innskrenkning av enerettsområdet til Posten, uten å sette en dato for når postmarkedet skal være fullt ut liberalisert.

Fra ikrafttredelsen av denne lov og fram til 31. desember 2005 foreslås vektgrensen for enerettsområdet redusert til 100 gram og prisgrensen til tre ganger grunntaksten for et innenlandsk prioritert brev i første vektklasse.

Fra 1. januar 2006 foreslås enerettsområdet begrenset ytterligere ved at vektgrensen settes til 50 gram og prisgrensen til to og en halv ganger grunntaksten.

Prisgrensen går i dag kun fram  i postforskriften. Departementet mener at prisgrensen vil innebære en praktisk viktig avgrensning av enerettsområdet, og at den derfor bør gå fram også av loven.

Samferdselsdepartementet foreslår videre å åpne markedet for utgående grensekryssende post fullt ut for konkurranse fra ikrafttredelsen av denne lov. Forslaget fremmes på bakgrunn av at endringsdirektivet trekker snevrere rammer for adgangen til å reservere utgående grensekryssende post enn gjeldende postdirektiv, samt at de fleste land i Europa i dag, rettslig og/eller faktisk, har åpnet opp dette markedet for konkurranse.

Proposisjonen gjennomfører således europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/39/EF om ytterligere åpning for konkurranse på markedet for posttjenester i Fellesskapet, vedtatt i EU 10. juni 2002. Direktivet er et endringsdirektiv til direktiv 97/67/EF om felles regler for utviklingen av et indre marked for posttjenester i Fellesskapet og forbedring av tjenestenes kvalitet (postdirektivet). EUs postdirektiv, vedtatt 15. desember 1997, har som formål å skape felles rammebetingelser for alle postoperatører i det indre marked og å sikre allmennheten landsdekkende tilbud av grunnleggende posttjenester (såkalt universelle tjenester) av god kvalitet og til rimelige priser. EØS-komiteen innlemmet endringsdirektivet i EØS-avtalen ved beslutning nr. 168/2002 av 6. desember 2002.

Stortingets samtykke til godkjenning av beslutningen innhentes gjennom en egen stortingsproposisjon, jf. St.prp. nr. 46 (2002-2003).

Kommisjonen skal videre gjennomføre en studie for å vurdere virkningene for den universelle tjenesten i hver enkelt medlemsstat av en fulliberalisering i 2009.

Endringsdirektivet endrer ikke de krav til det tilbud av posttjenester til rimelig pris og til god kvalitet som medlemslandene har en plikt til å sikre er tilgjengelig i alle deler av landet (det universelle tjenestetilbudet).

Endringsdirektivet inneholder også andre bestemmelser. Blant annet er det fastsatt utdypende regler om prisfastsettelsen for operatører med leveringspliktige tjenester og adgang til kryssubsidiering. Det er videre presisert at medlemsstatene kan fastsette klageordninger utenfor området for de leveringspliktige tjenester og innenfor området av de leve-

ringspliktige tjenester der tjenestene blir tilbudt av operatører uten samfunnspålagte leveringsforpliktelser.

Samferdselsdepartementet fremmer i tillegg et forslag om en presisering av bestemmelsen om geografisk enhetsporto i postloven § 5. Forslaget fremmes på grunn av at det har oppstått tvil om hvordan denne bestemmelsen skal forstås i forhold til Svalbard etter innføringen av merverdiavgiftsreformen 1. juli 2001.

Samferdselsdepartementet tar sikte på at endringene skal tre i kraft 1. juli 2003.

Det store flertall av de høringsinstanser som har avgitt høringsuttalelse er positive til en videre liberalisering av postmarkedet. Det er også bred støtte til forslaget om at markedet for utgående grensekryssende post åpnet fullt ut fra 2003.

Samferdselsdepartementet er opptatt av å sikre at videre liberalisering ikke går på bekostning av den universelle tjenesten. Liberaliseringen bør derfor skje gradvis og kontrollert. Departementet antar at en full liberalisering av postmarkedet vil kunne få betydelige konsekvenser, særlig for distriktene. Departementet mener det er viktig at disse konsekvensene utredes før det eventuelt fastsettes en dato for når markedet skal være fullt ut liberalisert. På grunn av hensynet til forutsigbarhet for operatørene er Samferdselsdepartementet ikke enig i Post- og teletilsynets forslag om en tidsubestemt bestemmelse om videre liberalisering.

En reduksjon av Postens enerett vil neppe få rene administrative konsekvenser. Derimot vil en reduksjon kunne få økonomiske og budsjettmessige konsekvenser for Posten og eventuelt staten.

Redusert enerettsområde vil kunne bidra til lavere inntekter for Posten. I hvilken grad dette vil skje er uvisst, og avhenger blant annet av eventuelle effektivitetsgevinster ved muligheter for økt konkurranse og hvordan Posten forsvarer markedsposisjonen mot eventuelle konkurrenter.

Større konkurranse antas vanligvis å føre til at brukerne får et bedre og mer variert tjenestetilbud til en lavere pris. Samferdselsdepartementet antar at det samme vil gjøre seg gjeldende ved en gradvis liberalisering av postmarkedet. På bakgrunn av at kravet om geografisk enhetsporto knytter seg til tjenester som omfattes av Postens enerett, vil forslaget innebære at en mindre andel av brevposten vil omfattes av dette kravet.

Presiseringen av bestemmelsen om geografisk enhetsporto er en klargjøring av hva som etter departementets oppfatning er gjeldende rett, og antas derfor ikke å ha økonomiske, administrative eller andre konsekvenser.

## MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulv Froyn, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, frå Høgre, Anne Berit Andersen, Sverre J. Hoddevik, Hans Gjeisar Kjæstad og leiaren Petter Løvik, frå Framstegspartiet, Morten Ørsal Johansen og Kenneth Svendsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, frå Kristeleg Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl, og frå Senterpartiet, Jorunn Ringstad, er innforstått med at det i Ot.prp. nr. 41 (2002-2003) blir foreslått endringar i postlova som i hovudsak er ei oppfølging av forslag sett fram i St.prp. nr. 46 (2002-2003) for å gjennomføre Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/39/EF, om ytterlegare opning for konkurranse på marknaden for posttenester i Fellesskapet. Komiteen vil difor vise til merknader i innstilling frå komiteen i samband med behandling av St.prp. nr. 46 (2002-2003).

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, viser til spørsmål frå samferdslekomiteen til Samferdsledepartementet, og svar datert 24. april 2004 om grunngjevinga om å ta inn vektgrense for første vektklasse i den nasjonale lovgivinga. Fleirtalet ser det som avgjerande at området for første vektklasse (20 gram) går fram av postregelverket anten på lov- eller forskriftsnivå, og ikkje varierer ut frå Posten eigne forretningsmessige vurderingar til kvar tid.

Fleirtalet er samde med departementet i at å ta vektgrense for første vektklasse inn i lov, vil gi eit meir brukarvennlig og sjølvforklarande lovverk også for brukarar utan postfagleg bakgrunn, som ikkje utan vidare vil kunne forstå kva omgrepet "første vektklasse" inneber. Ei slik fastsetjing i lov vil heller ikkje innebere nye plikter for Posten i høve til i dag.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til spørsmål frå samferdselskomiteen til Samferdselsdepartementet, og svar datert 24. april 2003, om grunngjeving for å ta inn vektgrense for første vektklasse (20 g) i postlova. Her går det fram at direktivet som skal innlemmast ikkje gjer det nødvendig å ta inn første vektklasse i nasjonal lovgiving. Innføring av første vektklasse (20 g) for det nasjonale postselskapet vil i ein eventuell fullstendig deregulert marknad vere konkurransesvekkande i høve til andre postdistributørar som ikkje må ta stilling til denne vektgrensa (klassen).

Desse medlemene finn av den grunn ikkje grunn til å ta dette inn i lovverket nå.

Det går også fram at fleire land har andre grenser for første vektklasse for standardbrev, til dømes har Posten Finland og Posten Danmark 50 gram som første vektklasse. Desse medlemene meiner difor at vektgrense for første vektklasse (20 g) ikkje skal vere med i lovteksten.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet syner til merknader i Innst. S. nr. 218 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 46 (2002-2003), om ytterlegare opning for konkurranse på marknaden for posttenester i Fellesskapet. Desse medlemene vil som konsekvens av dette stemme i mot § 6, 2. avsnitt 2. punktum. Desse medlemene vil kome tilbake til dette etter ei evaluering av direktivet seinast 31. desember 2004.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser elles til merknader i Innst. S. nr. 218 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 46 (2002-2003), og vil stemme imot forslaget til endringar i postlova.

## TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen si tilråding til vedtak til lov vert fremja av Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti.

Arbeidarpartiet vil stemme i mot § 6, 2. avsnitt 2. punktum.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Odelstinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om endringer i lov 29. november 1996 nr. 73 om formidling av landsdekkende postsendinger (postloven)

I

I lov 29. november 1996 nr. 73 om formidling av landsdekkende postsendinger (postloven) gjøres følgende endringer:

§ 5 annet ledd nytt tredje punktum skal lyde:

*Med geografisk enhetsporto menes like takster i hele lovens geografiske virkeområde.*

Nåværende tredje punktum blir nytt fjerde punktum.

§ 6 skal lyde:

§ 6 Enerett

Posten Norge AS skal *innenfor de vekt- og prisgrenser som er angitt i annet ledd* gis enerett til regelmessig å formidle mot vederlag lukket adressert innenriks *brevpost og* til å formidle i Norge tilsvarende sendinger fra *utlandet, på* de vilkår som konsesjon etter § 4, jf. § 5, fastsetter. Eneretten omfatter ikke formidling av bøker, kataloger, aviser og blad, selv om disse sendes i lukket og adressert form. Kongen kan gi forskrift om hva som regnes for lukket *brevpost.*

*Frem til og med 31. desember 2005 omfatter eneretten brevpost med vekt inntil 100 gram og med pris inntil tre ganger grunntaksten for et innenriks prioritert brev innenfor første vektklasse (20 gram). Fra og med 1. januar 2006 omfatter eneretten brevpost med vekt inntil 50 gram og med pris inntil to og en halv ganger grunntaksten for et innenriks prioritert brev innenfor første vektklasse (20 gram).*

Departementet kan dispensere fra første ledd til fordel for en annen postoperatør med konsesjon etter § 4.

II

Loven trer i kraft fra det tidspunkt Kongen bestemmer.

Oslo, i samferdselskomiteen, den 22. mai 2003

**Petter Løvik**
leiar

**Jorunn Ringstad**
ordførar